

REFERAT FRÅ GENERALFORSAMLING I SVEIO GOLF PARK AS

1. Opning – godkjenning av innkalling og agenda

Ordinær generalforsamling i Sveio Golfpark AS vart opna av styreleiar Per Bjørn Habbestad på klubbhuset i Sveio torsdag den 27. april 2026 kl 15.30.

Frå Sveio kommune møtte ordførar Andre Mundal Haukås (66,7%) og frå Haugaland Golfklubb møtte Jorunn Skåden (33,3%), dermed var 100 % av aksjane representerte og generalforsamlinga var vedtaksfør.

Dessutan møtte: Jostein Førre frå Sveio kommune og Gavin Hinds frå administrasjonen.

Det var ingen merknader til innkallinga eller dagsorden og generalforsamlinga vart såleis erklært for lovleg sett.

2. Val av møteleiar, protokollførar og to personar til medunderskrift

Som møteleiar vart vald Per Bjørn Habbestad, som protokollførar Per Bjørn Habbestad. Til å underskriva protokollen saman med møteleiar vart vald Andre Mundal Haukås og Jorunn Skåden.

3. Årsoppgjer 2025 - godkjenning av resultatrekneskap og balanse

Årsrekneskapen for 2025 som viste årsresultat etter skatt på kr 2 294 902 vart samrøystes vedteke.

Styret sitt framlegg til disponering av resultatet:
kr 2 294 902 vert overført annan eigenkapital, vart samrøystes vedteke.

4. Årsrapport 2025

Styret orienterte om status i verksemda for 2025.
Generalforsamlinga tok orienteringa til etterretning.

5. Revisor si beretning

Revisor si beretning vart gjennomgått og teken til etterretning.
Den er vedlagt referatet.

6. Godkjenning av honorar til revisor og styremedlemmer

Godtgjerdse til styreleiar: kr 15.000,- + kr 16.549 i oppdragshonorar.

Godtgjerdse til styremedlemmer: kr 2.000 pr møte

Revisor vert godtgjort etter rekning.

Framlegget vart samrøystes godkjent.

7. Val

Per Bjørn Habbestad vart attvald som styreleiar for eitt år.

Linn Therese Erve vart attvald for 2 nye år.

Thomas Brekke har 1 år att av valperioden sin.

Jorunn Skåden har 1 år att av valperioden sin.

Øystein Bjelland vart attvald for 2 nye år.

John Sigurd Kvåle vart vald som observatør i styret for 1 år.

Styreleiar takka administrasjonen for god innsats og eit fantastisk resultat.

Det var ikkje fleire saker til handsaming og Generalforsamlinga vart heva.

Sveio, 27. april 2026



Per Bjørn Habbestad
Møteleiar



Andre Mundal Haukås



Jorunn Skåden